

Bispeembetet og den biskopelege suksession ved reformationen i Norden.

Af Oluf Kolsrud.

Fraa saga aat bispeembetet skal me her granska eit par hovudpunkt, som spelar ei viktig rolla for stoda aat dei evangeliske kyrkjerne i Norden til den økumeniske rørsla i notidi, nemleg

1. den principielle evangeliske kyrkjesyn paa bispeembetet,
2. den faktiske stilling aat episkopatet i dei nordiske evangeliske kyrkjur til apostolatet, eller rettare: til den biskopelege suksession,

baae spursmaal i historisk samanheng med reformationen.

Der er kannhenda dei som vil spyrja, um vaare nordiske evangeliske kyrkjur verkeleg har eit bispeembete. Er det ikkje so, at paa evangelisk-luthersk grunn er biskop og prest det same? — Det er sant i so maate, som baade prest og biskop baae har eit og same embete, — prediketenesta. Naar vaar kyrkja ikkje, som den katolske, skiljer millom *embetsgrader*, kjem det av, at ho forkastar den katolske tanken um embetet som eit hierarki, utstyrt med stegvis tildelte guddomlege fullmagter. Motsetnaden millom katolsk og evangelisk oppfatning av embetet kom tydeleg fram i ordsiftet millom baae partar i den danske reformationen. Mot den evangeliske læra um at embetet er ministerium verbi et sacramentorum ex consensu multitudinis — ei tenesta i ord og sakrament paa vegner av kyrkje-

lyden, so hevda katolikarne, at det ikkje er folket, men Gud som gjev embetet, og at prestedømet ikkje berre er eit »ministerium«, men »spiritualis quædam potestas solis legitime ordinatis ecclesiastico ritu in sacerdotes propria«¹ — ei aandeleg magt som ingen har utan den som vert vigd til prest paa lovleg vis etter kyrkjeleg sed og skikk. Motsetnaden blir difor uttrykt deri, at den katolske kyrkja lærer at embetsgraderne er ei guddomleg ordning og er aa finna i den Heilage Skrift, medan dei evangeliske hevda, at skilnaden i høgare og laagare embete er av kyrkjelegt opphav, ei menneskeleg ordning, og at der soleis ikkje ligg den vegt paa denne sak som paa Christi eigne skipnader.

Men um der etter evangelisk syn ikkje ligg nokor *guddomleg* ordning til grunn for skilnaden i embetsgrader, so vert det likevel gjort skilnad paa *tenestor*, etter den fullmagt som vert overgjevi til kvart embete paa *kyrkja* sine vegner for orden skuld. Prest er ikkje det same som biskop, likeso lite som dekn (klokkar) er det same som prest, — for biskopstenesta har større oppgaaava, større andsvar enn prestenesta, og denne atter større enn dektenesta.

For den kyrkjelege orden skuld, og serleg for den kyrkjelege einskap skuld ynskte dei lutherske reformatorarne aa *halda fast* ved bispeembetet. Ein heil artikkel i Confessio Augustana, art. 28, gjeld denne sak, og atter og atter forhandla reformatorarne med den gamle kyrkja um si stilling til bispedømet. Dei var viljuge til aa godkjenna det, sosant dei daaverande biskoparne vilde gjeva evangeliet fritt rom og hjelpe den reine læra fram².

¹) Confutatio Lutheranismi Danici anno 1530 conscripta a Nicolao Stagefyr seu Herborneo O. F. M. nunc primum edita a Ludovico Schmitt S. I., Ad Claras Aquas (Quaracchi) 1902, s. 178. — Danmarks Riges Biskoppers og Prælaters christelige og retsindige Gensvar til de Lutheran-ske Artikler, [udg. af F. J. West], Kbh. 1917, s. 92.

²) Julius Köstlin, Martin Luther, sein Leben und seine Schriften, 5. neubearb. Aufl., nach des Verfassers Tode fortgesetzt von Gustav Kawerau, Berlin 1903, II, s. 199, 226-7, 232 (1530), 599 (1545). — Deutsche Zeitschrift für Kirchenrecht 3. F. XV, Tübingen 1905, s. 69.

I det store og heile *mislukkast* denne tilnærming. Evangelisk og katolsk viste seg aa vera uforeinlege motsetnader. Ministerium og Sacerdotium kunde ikkje rømast under same tak. Der var einskilde av dei katolske biskoparne som gav etter for det principielle evangeliske krav og godkjende reformationen: i Preussen biskoparne av Samland¹ og Pomesania² i 1523 og 1524³, i Sverige biskoparne av Västerås og Strängnäs⁴, i Noreg den utvalde biskopen av Bergen mester Geble Pedersson 1537, og biskopen av Oslo Hans Rev i 1541⁵. Men dette var ikkje nok til at det kunde lukkast for den lutherske reformation aa gjennomføra ei einsarta praktisk stilling til episkopatet og gjeva bispestolen ein fast plass i den kyrkjelege ordning. I Tyskland skjede det paa éin maate, i Sverige og Finnland paa ein annan, i Danmark, Noreg og Island paa ein tredje.

Andsvaret for dette ber utan tvil *Luther*. Hans standpunkt i kyrkjelege organisationsspursmaal er skiftande og ugreide. Orsaki er den indre brytning som der maatte bli millom den reformatoriske principielle læra um det aalmenne prestedømet og den praktiske kompromisspolitikk som vart førd med det gamle episkopatet. Det kyrkjelege embete er difor under heile Luthers levetid eit *gjærande spursmaal*, og han naar ikkje fram til avklaaring og konsekvens.

Luther hevda i fyrstningi at prest og biskop er det same⁶. Han forkasta regelen um at berre biskoparne hadde ordinationsrett⁷. Men det endte med at han knesette biskop-

¹) Georg von Polentz, 1519—† 1550, ordinert 1519.

²) Erhard von Queiss, 1523—† 1529, ikkje ordinert.

³) Urkundenbuch zur Reformationsgeschichte des Herzogthums Preussen, hg. v. Paul Tschackert, Leipzig 1890, I, s. 33—41.

⁴) L. A. Anjou, Svenska kyrkoreformationens historia II, Upsala 1850, s. 95; Knut B. Westman, Reformationens genombrottsår i Sverige, Stockholm 1918, s. 419—20.

⁵) A. Chr. Bang. Den norske kirkes historie i reformationsaarhundredet, Kra. 1895, s. 26—30, 86—8.

⁶) Köstlin⁵ I, s. 631 (1523). II, s. 398 (1538).

⁷) Köstlin⁵ I, s. 631 (1523). II, s. 309 (1533).

institutionen og sjølv høgtidleg ordinerte biskopar til tvo av dei gamle bispestolarne, nemlig Nikolaus Amsdorf til Naumburg i 1542, og Georg von Anhalt til Merseburg i 1545¹.

Men spirene til eit kyrkjelegt episkopat paa tysk-luthersk umraade *stansa i voksteren*, ved religionsfreden i Augsburg 1555, — og det fyrstelege summepiskopat med superintendentar og konsistorialforfatning vart eineraadande.

Skal ein difor faa den rette syn paa episkopatet i *Norden*, er det uriktig, soleis som vanleg skjer, aa byggja paa den tyske reformations dogmatikk og kyrkjerett. Vaare kyrkjelege institutionar er ikkje ein Abklatsch av dei tyske; men vi maa sjaa dei i ljøs av *vaar eigi kyrkjelege utvikling*, og serleg viktug blir daa den grunnleggjande tid, som skapte eller fornya vaar kyrkjeordning, slik som ho i det store og heile enno staar ved lag.

Vi maa difor gaa tilbake til dei avgjerande aari, daa den katolske kyrkjeordning vart avløyst av den evangeliske. Kva var det som skjede i 1536 og 1537 i *Danmark og Noreg*?

I dei 10 fyregaaande aari hadde det gjort seg gjeldande ein stadig sterkare kritikk over den gamle kyrkja, og den evangeliske opposition vendte seg etterkvart mot kyrkje-styrarane, dei katolske biskoparne², fordi dei etter den reformatoriske oppfatning forsømte sitt hyrdeembete, ikkje forkynnte evangeliet, men hindra det, viste folket ein falsk frelseveg, tyngde samviti med menneskelege paafund, og sjølve var upptekne med verdslege syslor og politikk³. Den

¹) Köstlin⁵ II, s. 555—7, 562, 607.

²) Sjaa m. a. Skrifter fra Reformationstiden, udg. af H. F. Rørdam, Kbh. 1885—90, nr. 1, s. 21—3; nr. 2, s. 18—20, 62—7; nr. 3, s. 17—18.

³) Klagorne er offisielt samla i kong Christian III's klageskrift mot Danmarks biskopar, upplese paa Gammeltorv i Kjøbenhavn 30. oktober 1536, trykt i Monumenta Historiæ Danicæ, Historiske Kildeskrifter og Bearbejdelser af dansk Historie især fra det 16de Aarhundrede, udg. af H. F. Rørdam, Kbh. 1873—87, 1. R. I, s. 143—99.

verdslege magt, kongedømet, tok »Guds rene og klare ord«, »det hellige evangelium«, i forsvar, men daa biskoparne ikkje godkjende dette inngrep i deira kyrkjelege styremagt, avsette kongen alle biskoparne og gjorde evangeliet eine-raadande. Til grunn for dette statskupp laag der likeso mykje politiske motiv, som religiøse, men det skal vi ikkje koma inn paa her. Kuppet vart innleiddt ved fengslingi av tre danske katolske biskopar paa Kjøpenhamns slott um natti den 12te august 1536¹ og var fullført, daa biskop Jón Arasons hovud fall for bøddeløksi i Skaalholt paa Island den 7de november 1550².

Eit so radikalt inngrep i kyrkjeordningi viser, at *hovud-støyten* i det dansk-norske reformationsverket vart retta *mot episkopatet*. Her var ikkje som i Tyskland tale um forhandling, men um kort process. Her var den reformatoriske metode: hands up!

Var dermed bispeembetet avskaffa? Nei, so er ikkje tilfelle, og det var ikkje meiningi.

Bispedømet tapte ved reformationen all sin tidlegare ytre glans, baade den verdslege magt som riksstand — den fall til kongen og riksrådet, — og den økonomiske rikdomen i jordegods, inntekter, bispegardar o. s. v. — det vart inndrege av kongen. Ogso det »geistlige regiment« som hørde det gamle bispeembete til, vart avskaffa, d. v. s. det vart fraateke bispedømet den spesifik katolske jurisdiktion, raaderetten over kyrkjegodset, og den kyrkjelege lovgjevingsmakt³.

Men *bispeembetet* sjølv vart ikkje opphæva, det *gjen-uppstod i ny skapnad* i samhøve med den reformatoriske grunnlov, som gjorde evangeliet til øvste autoritet. Herre-

¹) Sjaa um dette den samtidige melding fraa den preussiske admiralen Johan Pein i brev til hertug Albrecht av Preussen 12. august 1536, Rørdams Monumenta 1 I, s. 201—3.

²) Jón Helgason, Islands Kirke fra Reformationen til vore Dage, Kbh. 1922, s. 36—7.

³) Rørdams Monumenta 1 I, s. 208—18.

dagen i Kjøpenhamn 30te oktober 1536 vedtok¹, at »efter denne dag skal ingen biskoper vere eller blive udi Danmarks rige, uden de som kunne ok retferdeligen ville predike ok lere det hellige evangelium ok rene Guds ord, som en kristelig biskop bør at gjøre«. I staden aat dei katolske biskoparne som har gjort seg uverdige til sitt embete, fordi dei har staatt imot Guds ord og evangelium, »skulle *andre christelige Bisper* og Superattendenter . . . tilskikkes«², — nemleg »merkelige vise og lærde mend«³, som »skulle være *de rette bisper* og erkebisper udi kirkerne«⁴. Um desse nye tilsynsmennerne heiter det, at de »kaldes ikke til nogen ørkeløshed, som saadanne pleier at være, men til stort arbeide«⁵.

Den dansk-norske reformationskyrkja har fraa fyrste stund vore klaar over at dei nye tilsynsmennerne skulde treda inn i det gamle bispeembetet med full aandeleg rett. Superintendentembetet er ikkje her som i den tyske reformation ei provisorisk ordning under dei fyrstelege »Nothbischöfe«⁶, solenge inntil der er vunne klaarleik over stoda aat dei kanonisk innvigde biskoparne til evangeliet. *Superintendentarne er paa dansk og norsk grunn dei rette og fullmegtuge avløysarane av episkopatet*; — dei blir nok kallt superintendentar eller superattendantar til tydelegare skilnad fraa fyregangarane — soleis enno i Christian V's lov⁷ —, men dei vert likeso gjerne kallt *episcopi, bisper*, soleis alt i den fyrste dansk-norske kyrkjelov av 1537—39. Det er ikkje so, at deira karakter av biskopar er komen uppatt etterkvart, fordi traditionen i bispenamnet var for sterk,

¹) Rørdams Monumenta 1 I, s. 216, 220, 224, 228, 234, 237; Danske Kirkelove 1536—1683, udg. af H. F. Rørdam, Kbh. 1883—9, I, s. 3.

²) Danske Kirkelove I, s. 3.

³) ib. I, s. 6.

⁴) ib. I, s. 106.

⁵) ib. I, s. 106.

⁶) Köstlin⁶ II, s. 42—4, 557.

⁷) D. og N. L. 2—17.

nei der ligg ein realitet til grunn alt fraa fyrsten. Den dansk-norske reformationen har set paa sine superintendentar som »rette bisper og erkebisper«¹. Bispedømi og bispestolarne vart ikkje opphæva eller umregulert, men dei evangeliske superintendentarne overtok dei gamle embeti som dei var. Ja fraa dei evangeliske predikantarne i Danmark vart det alt i 1536, daa nyordningi av kyrkja fyrestod, forlangt ikkje berre ein superintendent over kvart stift, men ogso ein kyrkjeleg overtilsynsmann over heile riket, m. a. o. ein evangelisk erkebiskop².

Den fyrste dansk-norske reformrørsla kjente berre eit udelt kyrkjeembete — prediketenesta, *ministerium*. Predikantarne hadde likeso lite som Luther gjort skil paa prest og biskop, og predikanten Hans Tausen ordinerte andre evangeliske predikanter³. Daa den gamle kyrkja var falli, og den nye skulde organiserast, var der fyrst ikkje tenkt paa annan ordination enn den som til daa var brukt, nemlig til predikeembetet. Det var tanken, at den — likesom det i den fyrste tid hadde vore regel i Tyskland — skulde vera ein introduktion av predikanten i soknekyrkja med fyremøling for kyrkjelyden, og den skulde forrettast ikkje av superintendenten, men av provsten⁴. Men denne skipnaden har, naar det kom til stykket, tykts — kongen? — aa vera eit altfor stort brot paa den kyrkjelege tradition, og i den endelege kyrkjelovi blir der fastslaatt *ordination baade av prest og biskop*, med serskilt ritual for kvar⁵,

¹) Danske Kirkelove I, s. 106.

²) Chr. Th. Engelstoft, *Reformantes et Catholici tempore quo sacra emendata sunt in Dania concertantes*, Hauniæ 1836, s. 187. — Kirkehistoriske Samlinger I, s. 113, 114.

³) Skrifter fra Reformationstiden, Nr. 4, s. 39, 53. — *Confutatio Lutheranismi Danici*, s. 240—7. — H. F. Rørdam, *Mester Jørgen Jensen Sadolin*, Odense 1866, s. 9. — H. F. Rørdam, *Kjøbenhavns Universitets Historie*, Kbh. 1868—77, I, s. 457—8.

⁴) Kirkehist. Saml. I, s. 82, 113.

⁵) Danske Kirkelove I, s. 77—8, 127—32.

— derimot ikkje av dekn —. For vigsla av superintendenten var det fyrst tenkt, at den skulde skje ved provstarne og nokre prestar, men dette vart umgjort soleis at den som vigde ein superintendent, sjølv skulde vera superintendent¹. I ordinationsritualet blir² superintendenten klaart oppfata som biskop, og han blir innvigd til »det hellige biskopelige embede udi kirken«³. Presteordinationen blir ein sjølvskriven einerett for bispen, og skulde skje i domkyrkja⁴.

Bispetenesta er fyrst og fremst likesom prestetenesta eit predikeembete og har dei same tre hovudfunktionar som dette: aa forkynna ordet, aa utdela sakramenti og aa forvalta lyklemagti. Men ved sida av dette er biskopen »lære-fader« — doctor verbi⁵, — han er aandeleg raadgjevar, som i samvitsspursmaal kann svara det som visst og fast er etter Guds ord⁶ (men han er ikkje i dette stykke ufeilbar⁷) — han er ordinator, som prøver og »skikkar til em-

¹) Danske Kirkelove I, s. 118. Det kann ikkje vera tvilsamt at s. 118 lin. 12—14 ikkje er upphavlege, men vart tillagt, daa ordinansen under Bugenhagens opphald i Kjøbenhavn i 1537 vart auka med 8 tillegg (jfr. Ny Kirkehist. Saml. II, s. 93), derimillom bispevigsleritualet, som desse linor viser til; s. 118 lin. 6—11 gjev difor den form for bispevigsla, som fyrst har vore paatenkt.

²) Danske Kirkelove I, s. 127—32.

³) ib. s. I, 131.

⁴) ib. s. I, 77—8.

⁵) Den latinske kyrkjeordinans av 1537, upptrykt i N. Cragii Historia Regis Christiani III. cum continuatione S. J. Stephani, Hafniæ 1737, Additamenta, s. 68 = Danske Kirkelove I, s. 128.

⁶) Danske Kirkelove I, s. 107—8.

⁷) Sjaa fraasegnerne av theologarne i Kjøbenhavn um det Augsburske Interim 1548, Dänische Bibliothec, Copenhagen u. Leipzig 1738—47, V, s. 109: Igitur non attribuit Ecclesia suo iudicio auctoritatem, sed verbo Dei. Verbum Dei iudex est, ad quod, ut ad lydium lapidem confugiendum est, quando vera doctrina a falsa discerni debet. VI, s. 205: Interpretationis scripturarum non potestas in successione ordinaria perpetuo mansura data est, sed donum scripturas interpretandi nulli vel certo hominum gradui vel ordinariæ successioni vel personæ alligatum, a spiritu sancto liberrime donatur.

bete« i kyrkja¹, — han er tilsynsmann, som vaker over liv og læra aat prestar og kyrkjelydar², — og saman med kongens representant er han domar over presteskapet i deira embetsførsla³ og er »forsvar« for den kyrkjelege økonomi⁴.

Paa det aandelege umraade fører den evangeliske biskopen kyrkjestyret med full mynja. Reformationen skiljer klaart millom *det aandelege* og *det verdslege regimente*. Confessio Augustana er fullt tydeleg paa dette punkt⁵. Der er ikkje tale um samanblanding eller underordning, men um jamstelling. Det aandelege regimente raader for sjælerne, det verdslege for lekamen. Ved det aandelege embete vert det gjeve ævelege godar, ei æveleg rettferd, den Heilage Ande, eit ævelegt liv. Den verdslege øvrigheit tener dei timelege ting: den borgarlege rettferd og fred. Den geistlege magt vert utøvd ved ordet, den verdslege ved sverdet.

Like tydeleg staar denne skilnad i den dansk-norske kyrkjereformation. I vaar fyrste evangeliske kyrkjelov heiter det, at superintendenten fører »regimen ecclesiasticum« — »det aandelige regimente, der han haver paa kirkens vegne«⁶. Reformationskongen i Danmark-Noreg blir aldri oppfata som »Nothbischof«, og der blir ikkje tillagt honom biskops namn i nokor form. Han ser heller ikkje si stilling slik sjølv. »Vor vilje og begjering er«, segjer han, »at vi maatte ophjelpe den forfaldne Jesu Christi vor Herres lærdom og ret sand christen dyrkelse«⁷.

Den stilling, *reformationskongen* tek til kyrkja i sine rike, er ikkje som summus episcopus, men som *vernar* og

¹) Danske Kirkelove I, s. 75, 107, 77—8.

²) ib. I, s. 107.

³) ib. I, s. 114, 80.

⁴) ib. I, 110—1, 112—3.

⁵) Confessio Augustana 1530, art. 28, jfr. art. 16.

⁶) Cragius, Chr. III, Add., s. 63 = Danske Kirkelove I, s. 117.

⁷) Danske Kirkelove I, s. 40.

*forsvarar*¹, — hans fyrebilæte er dei fromme kongarne over Juda rike Ezekias og Josias². Han har ikkje kongeleg majestætsrett over kyrkja, men eit teokratisk-patriarkalsk andsvar mot henne, han er ikkje herre, men *fosterfader*.

Tydeleg kjem tilhøvet millom den kongelege og den kyrkjelege magt fram ved kroningi aat reformationskongen³. Den vart forretta paa aarsdagen etter statskupet mot dei katolske biskoparne, 12. august 1537, av den tyske reformatoren dr. Johannes Bugenhagen, som kongen hadde innkallt for aa fullføra den kyrkjelege nyordning. — Dei same ceremoniar og tankar blir fasthaldne ved kroningarne aat hans ettermenner⁴ inntil eineveldet, daa traditionen vart broten.

Dei kongelege regalierne: krona, sverd, scepter og rikseple, blir av riksraadarne framborne paa altaren og ofra til Gud⁵. Kongen vedkjenner seg aa hava all si magt fraa Gud som sin »lensherre«⁶, og lovar aa halda uppe og verna

¹) »Erhalter und Mitbeschutzer Christi Reichs« (Christian III til Bugenhagen $\frac{3}{3}$ 1546); »der Kirchen und derselben Diener, Apostel und Leh-rer Mitbeschutzer« (Christian III til Justus Jonas $\frac{7}{6}$ 1546). Aarsberet-ninger fra det kongelige Geheimearchiv, indeholdende Bidrag til dansk Historie af utrykte Kilder, udg. af C. F. Wegener, I, Kbh. 1852—5, s. 243, 244.

²) Jfr. Mathias Flacius Illyricus til Christian III 1558, Dänische Bi-bliothec VII, s. 299.

³) Aktstykker vedk. Kong Christian III's Kroning den 12. August 1537, ved F. Münter, Kbh. 1831. — Arthur G. Hassø, Kong Kri-stian III's og Dronning Dorotheas Kroning den 12. August 1537. Kirke-historiske Samlinger 6. R. II, s. 287—377 (1937).

⁴) Kong Frederik II's Kronings og Salvings Akt den 20. August 1559, udg. af Chr. Bruun, i Danske Samlinger IV, Kbh. 1868—9, s. 143—61. — Beskriffelse om Christian IV's Kongelige Kroning, opt. af Augustum Erich, fordansket och met Kroningens Ceremoniers Vdleggelse formeret ved Andream Benedicti Dallinum, Kbh. 1598. — Friderich III's konge-lige Kroning, forf. efter Befaling af Casparo Erasmo Brochmand, Kbh. 1650.

⁵) »Die Königliche Regalia, durch die Reichs Reth, Gott auf den Altar geopffert sind«.

⁶) »meinen lieben Lehenherrn«.

Christi læra og aa styra riket med rettferd¹. Paa oppmoding av rikskanslaren overgjev ordinator paa Guds vegner som Christi tenar regaliene til kongen og stadfestar han i hans kongedøme. Ordinator forklaarar den symbolske meining i regaliene, og ved *scepteret* gjer han ei slaaande samanlikning millom den aandelege og den verdslege magt². Det heilage Evangeliet er eit scepter, ein bispestav i Christi rike; det har Han overgjeve til sine prestar³, daa Han sa til dei: gaa ut i all verdi og forkynn Evangeliet for all skapningi. Dette scepteret høyrer heime i det aandelege kongerike. Men det verdslege scepter, som vert overgjeve til kongen, det er lov og orden i hans land og rike.

Det er karakteristisk at *evangelieboki* ikkje er ei av dei kongelege regaliene, men vert nemnt som symbolet paa den aandelege magt⁴. Bilætet har ein parallel i den katolske bispeordination; daa blir det overgjeve som embetsinsignier: stav og ring, evangeliebok og mitra⁵. Bugenhagen har tydeleg nok havt denne parallel i tanke. Ved ordination av prestar og biskopar i den anglikatolske kyrkja overleverar ordinator ein bibel til ordinanden⁶. — Bugenhagen sjølv var ein kjennar av desse spursmaal. Ved sin promotion til doctor i den evangeliske teologi i 1533 hadde han disputert um skilnaden millom det aandelege embete og den verdslege øvrigheit⁷.

¹) Kroningseiden, Chr. III, s. 13—14, 15—16.

²) Chr. III, s. 22.

³) »Das heilige Euangelion ist ein herrlich Sceptrum vnd Bischoffstab im Reich Christi, welches er seinen Priestern befohlen hat«, Chr. III, s. 23; jfr. Fr. II, s. 158, og Chr. IV, bl. Kij.

⁴) Jfr. Fr. III, bl. Kij.

⁵) Pontificale Romanum, De consecratione electi in episcopum.

⁶) Common Prayer Book, The Form of Ordaining or Consecrating of an Archbishop or Bishop.

⁷) G. Kawerau, Johannes Bugenhagen, i Realencyklopädie für protestantische Theologie und Kirche, 3. Aufl., III, Leipzig 1897, s. 529. K. A. T. Vogt, Johannes Bugenhagen Pomeranus, Leben und ausgewählte Schriften, Elberfeld 1867, s. 344—5.

Denne skilnaden blir gjennomført i den fyrste reformatoriske *kyrkjelov*, som vart utgjevi av kongen som rikslov etter kroningi, 2. september 1537, etter aa vera godkjend av Wittenberg-reformatorarne og gjennomset og utfyllt under Bugenhagens medverknad¹. Gjennom denne kyrkjelov utøver kongen si kyrkjelege regjering, men han held seg her, vel aa merka, innanfyre visse grensor.

Han skiljer² millom den uforanderlege *Jesu Christi ordinans*, som gjeld Guds ords forkynning, sakramentutdelingi, den kristelege barneupplæring, og opphald for tenarane i kyrkja, skularne og dei fattige, — og *den kongelege ordinans*, som gjeld personar, tid, stad, tal, maate, gudstenesta, tilsyn og samkvem. Kyrkja staar ikkje under kongedømet, men jamsides med det. Kyrkja har ikkje noko hierarki, men ho har likevel ein *øvste autoritet*, det er evangeliet, og ein einaste herre og lærar og meister, det er Jesus Christus. Christi sanne evangelium, Christi eigen skipnad, er normen for kyrkja³. Dette evangelium blir frambore, desse skipnader blir styrde av det heilage *predikeembete*⁴.

Um dette embete er det tvo ting aa merka, som vaar eldste evangeliske kyrkja er fullt klaar over:

- 1) at embetet er av guddomlegt opphav,
- 2) at embetet er av apostolisk art.

Predikeembetet er ikkje ei kongetenesta, men er *innstifta av Christus* sjølv. Denne tenesta har Christus innsett ved si himmelferd⁵, og hans utsendingar treder i hans stad i den heilage kyrkja, paa hans vegner og i hans namn med full magt fraa honom. Vi tek imot evangeliet av munnen til tenaren i kyrkja, som av vaar Herre Jesus Christus sjølv¹. Vi tek imot sakramenti av handi til tena-

¹) C. T. Engelstoft, Kirke-Ordinantsens Historie, i Ny Kirkehist. Saml. II, Kbh. 1860—2, s. 21—46; jfr. 5. R. VI, s. 153—9.

²) Danske Kirkelove I, s. 42, 46.

³) ib. I, s. 43, 45.

⁴) ib. I, s. 129, 131.

⁵) ib. I, s. 128.

ren, som av Christus sjølv². Den avløsning som predikanten gjev syndaren, er Guds ord³, og den dom han paa kyrkja sine vegner uttalar over den forherde, den vil Gud halda ved magt⁴. Med andre ord: »det er Christus sjelver, som ved sine predikere prediker, døber, giver sakramenter, straffer, formaner og trøster»⁵.

Dette embete er eit *apostolisk* embete. Likesom Christus utsendte apostlarne, og apostlarne atter nye »predikere», so *utsender* Herren framleides paa same vis »predikere og lærefedre udi kirkerne»⁶. Og dette skjer som i aposteltidi under bøn og handpaalegging.

*Ordinationen*⁷ var i den evangelisk-lutherske reformation lenge eit uklaart punkt, og i den fyrste tid brukte Luther ordet »ordination» som eit fellesnamn paa kallet, prøvingi, stadfestingi og fyremælingi til kyrkjelyden⁸, og han la hovudvekti paa det ytre kall fraa den einskilde kyrkjelyden⁹. Det er denne syn som ligg til grunn for dei umstridde ord i Confessio Augustana art. 14: »rite vocatus»¹⁰. Men istadenfor at prestarne hittil var blitt innsett i sitt

¹) ib. I, s. 45, 60.

²) ib. I, s. 45.

³) Peder Palladius' Danske Skrifter, udg. v. Lis Jacobsen, Kbh. 1911 ff., I, s. 87—9.

⁴) Danske Kirkelove I, s. 81.

⁵) ib. I, s. 130.

⁶) ib. I, s. 131.

⁷) Th. Kliefoth, Liturgische Abhandlungen I, Schwerin u. Rostock 1854, s. 340—501: von der Ordination und Introduction. — Fr. Vilh. Andersen, Embede og ordination i deres indbyrdes grundforhold, et historisk-dogmatisk forsøg, Kbh. 1880. — O. Holmström, Den lutherska ordinationen, i Acta Universitatis Lundensis t. XXV. 1888—89, I, Theologi, s. 1—184. — P. Madsen, Ordinationens betydning inden for den lutherske Kirkeafdeling, Kbh. 1904. — Emil Friedberg, Lehrbuch des katholischen und evangelischen Kirchenrechts, 6. Aufl., Lpz. 1909, § 56, s. 177—9: die Ordination.

⁸) Kliefoth I, s. 381. — Friedberg, s. 178, note. — Madsen, s. 23.

⁹) Köstlin⁵ I, s. 631. II, s. 22—3, 309.

¹⁰) Madsen, s. 13, note 3.

embete kvar i den kyrkja, der han skulde verka, innførte Luther i 1535 etter paalegg av Kurfyrsten ei regelbundi offentlig embetsinnsetjing paa ein og same midstad — i Wittenberg — for alle prestar i den sachsiske kyrkja¹. Denne innsetjing er ei *offentleg stadfesting* paa kallet: *comprobatio* eller *testificatio*². Og den er det som no heretter blir nemnt ordination i spesiell forstand.

I den *dansk-norske* kyrkja umfatar ordinationen alle akter i tilskikkingi av tenarar i kyrkja. Aa ordinera er aa velja og kalla til tenesta i Guds ord, i evangelium og sakrament, men uten sakramental meining³. Ordinationen foregaar igjenom val, kyrkjeleg prøving, kongeleg stadfesting og kyrkjeleg ordination i speciel forstand. Gjeld det eit presteembete⁴, fyretek kyrkjelyden val, biskopen prøver den valde, lensherren stadfester valet paa kongens vegner, og biskopen »*skikkar den valde til embete*» ved ordination i domkyrkja, og sender han med fyremælingsbrev (seinare kallt kollats) til kyrkjelyden. Gjeld det eit bispeembete⁵, fyretek presteskapet val, ein annan biskop prøver hans dugleik, han blir stadfesta av kongen, og ein biskop vigjer den valde til embetet.

Det viser seg ved eit nærmare studium, at i den dansk-norske kyrkja er den biskopelege ordination den *avgjerande* akt ved embetstilsetjing. I den tyske reformationen ligg hovudvekta paa den ytre kallingi, og ordinationen i kyrkja er ei offentlig stadfesting av kallet — ved bispevigsla i Naumburg 1542 samanlikna Luther den ordination han

¹) Paul Drews, Die Ordination, Prüfung und Lehrverpflichtung der Ordinanden in Wittenberg 1535, i Deutsche Zeitschrift für Kirchenrecht, hg. v. E. Friedberg u. E. Sehling, 3. F. XV, Tübingen 1905, s. 66—90, 273—321.

²) Kliefoth I, s. 391. — Holmström, s. 58—61. — Madsen, s. 25. — Friedberg, s. 178.

³) Dänische Bibliothec V, s. 132.

⁴) Danske Kirkelove I, s. 74—80.

⁵) ib. I, s. 116—8, 126—32.

forretta, med eit vitnemaal av notarius publicus¹. Hos oss er det ordinationen i kyrkja, som er hovudsaki, den *er sjølv kallet*. Tilskikkingi til embetet skjer her ved vigsla. Inntil daa er ordinanden berre utvald, electus, til embetet². Det er *ordinator* som »skikker til embede«, »skikker til tjeneste«³. Naar hovudvekti hos oss blir lagt paa den biskopelege ordination⁴, heng det saman med den sterkare og sjølvstendugare stilling, som bispeembedet alt fraa fyrsten har faatt i vaar kyrkja, i motsetning til Tyskland, der episkopatet ikkje kom til utvikling.

Det som skjer i vaar evangeliske ordination, er ikkje at der blir gjeve ei guddomleg magt som er naudsynleg til aa forretta dei kyrkjelege sakramenthandlingar paa ein verkekraftig maate. Den vigde faar *ingen character indelebilis*, han faar ingi religiøs serstilling som millommann millom Gud og menneskji. Men han faar eit kall, og dette er i sidste instans guddomlegt⁵. Det er *kyrkja* som gjennom embetet gjev honom si fullmakt, og overdreg til honom tenesta

¹) Köstlin⁵ II, s. 557. Paa liknande maate er Paulus Speratus i 1530 i nærvær av notarar og vitne og framfyre kyrkjelyden i domkyrkja Marienwerder blitt »eingewiesen« i embetet som »biskop« av Pomesania, som han var blitt kalla til av hertog Albrecht av Preussen. P. Tschackert i PRE. 3. utg., XVIII, s. 628.

²) »electus pastor« = »udvald sogneprest«; »electus superintendens« = »udvald superattendent«. Cragius, Chr. III, Add., s. 44, 67 = Danske Kirkelove I, s. 75, 126.

³) »ordinent« = »skikke ... til embede«; »ordinatio« = »skikke ... til ... tjeneste«. Cr. 59 = DKL. I, 107.

⁴) »coram altari publice eum ordinet« = »for alteret befale hannom sit embede«. Cr. 45 = DKL. I, 77. — »nunc ordinandum ad hoc illius ecclesiae officium coram altari« = »saa skal han nu til samme embede ordineres og tilskikkes for alteret«. Cr. 45 = DKL. I, 77. — »ordinandus« = »han som kirken skal annamme«. Cr. 45 = DKL. I, 78. — »ordinatus ad ministerium spiritus sancti« = »forordinerit til den aandelig tjeneste«. Cr. 46 = DKL. I, 80. — »hoc totum negotium ordinationis« = den ganske handel med denne tilskikkelse og ordinerings. Cr. 46 = DKL. I, 78. Dette siste uttrykket gjeld spesielt ordinationen i domkyrkja ved biskopen.

⁵) »Christus tota nocte oravit, quando mane ordinaturus erat XII apostolos« = »Christus bad selv en hel nat, førend han om morgenen be-

i ordet og sakramenti og *utsender* han til denne gjerning¹. Fyre det skjer, avlegg ordinanden til ordinator lovnad um aa taka vare paa embetet, serleg aa »lære det rene evangelium«, utdela sakramenti tilbørleg og staa imot villfaring med den sanne lærdom. Sjøelve tilskikkingi, hovudpunktet i ordinationen, skjer ved handpaalegging av biskopen og dei hosstaaande prestarne under bøn. Fyrst ved denne handling blir den utvalde *tilskikka eller ordinert* til embetet².

Det er no viktugt aa leggja merke til, at ordination av tenarane i den evangeliske kyrkja i Danmark—Noreg fraa fyrste stund var *reservert* for superintendentarne. Ved den har dei i si magt aa hindra uverduge eller vranglærande personar fraa aa koma inn i kyrkjelege embete³. Dette er ogso fyresetnaden for Bugenhagen, som skipa den dansk-norske kyrkja. Han oppmana i 1539 superintendentarne til, at dei ikkje maa godkjenna prestar som dei kongelege lensherrarne vil tvinga inn i embete utan fyregaaande examination av superintendenten⁴, og superintendentarne sjøelve kravde at kongeleg stadfesting ikkje skulde nektast dei prestar som dei vilde tilskikka⁵. Der har soleis fraa fyrste stund i vaar evangeliske kyrkja vore ei *spaning* millom den verdslege magt som utøvde den ytre kallsretten, og den kyrkjelege som tilskikka til det aandelege embetet.

skikkede de tolv apostler«. Cr. 69 = DKL. I, 130. — »orationi etiam addebant apostoli et seniores ecclesiæ manuum impositionem, cum ordinarent vel mitterent prædicatores« = »og saa hos bønen lagde apostlerne og kirkens oldinge hender paa dennom, som de beskikkede og viede«. Cr. 69 = DKL. I, 131.

1) I ordinationsritualet vert Jesus-ordet Matth. 9, 38 nytta tvo gonger. DKL. I, 130, 131.

2) »Deinde episcopus sive superattendens cum presbyteris imponat ordinando manus, et oret...«. »Procumbit ordinator cum ordinato...«. »Surgunt alii presbyteri cum ordinato...«. Cr. 45, 70, 45.

3) Danske Kirkelove I, s. 75, 78. — Ny Kirkehist. Saml. III, s. 471—3.

4) Ny Kirkehist. Saml. III, s. 477.

5) Engelstoff, Reformantes et Catholici, s. 190.

I den evangeliske kyrkja er ordinationen, etter raadande moderne kyrkjerettslæra, ein *kyrkjeleg regjeringshandling*. Soleis Richter¹, Friedberg² og Taranger³. Gjenom denne liturgiske handling utøver den aandelege magt, d. v. s. bispeembetet, sitt regimen *ecclesiasticum*. Der er den *skilnad millom tysk og nordisk praxis*, at paa tysk umraade har ordinationen rettsleg set akcessorisk verdi⁴, — det heng saman med at Luther la hovudvekta paa det ytre kall. Men i Norden ligg *tyngdepunktet i ordinationen*. Dette er i Sverige sedvanerett, og er ogso uttrykkeleg fastslaatt for bispeembetet av Kgl. Majt. i 1885. Den kongelege utnemningi er ikkje det avgjerande, men den kyrkjelege vigsla⁵. Det same er tilfellet i Danmark—Noreg⁶.

Dei danske reformatorarne har, liksom dei tyske⁷, den syn paa det kyrkjelege embete, at det er *av apostolisk art*⁸. Dette kjem til orde under forhandlingarne um tilhøvet millom den katolske og den evangeliske kyrkja. Det augsburgske Interim av 1548, som var eit kompromisframlegg, vart fyrelagt dei leidande danske teologarne, millom dei Sjællands biskop Peder Palladius, den fyrste mannen i den dansk-norske kyrkja. Dei nektar at den romerske kyrkja er eller høyrer med til den katolske kyrkja, og

¹) Æ. L. Richter, Lehrbuch des katholischen und evangelischen Kirchenrechts, 8. Aufl. bearb. v. R. Dove u. W. Kahl, Lpz. 1886, s. 731, note 2.

²) E. Friedberg, Lehrbuch d. kath. u. ev. Kirchenrechts, 6. Aufl., Lpz. 1909, s. 177—9.

³) A. Taranger, Norsk Kirkeret, Kra. 1917, s. 90.

⁴) Friedberg, s. 179.

⁵) Edv. Rodhe, Svensk gudstjänstliv, Stockholm 1923, s. 476.

⁶) D. og N. L. 2—17—2 og 3. — F. Arentz, som 24. juni 1762 var utnemnd til biskop i Bergen, søkte um aa verta friteken for aa fara til Kjøbenhavn og lata seg ordinera til biskop, men dette vart avslaatt ved kongebrev av 18. marts 1763. Luthersk Ugeskrift 1877. II, s. 53—4.

⁷) Holmström, s. 77.

⁸) Danske Kirkelove I, s. 130: »det apostoliske embede«. 131.

nemner som eit av kjennemerki paa den sanne Kristi kyrkja »ministrorum Evangelii legitima et apostolica ordinatio seu vocatio«¹ — lovleg og apostolisk ordination eller kalling av tenarane i Evangeliet. Men i denne syn paa embetet ligg der *ingen* tanke um *apostolisk suksession*.

Ved ordination av biskopar og prestar i dei nordiske evangeliske kyrkjerne, slik som ho no vert forretta, er der ein led i vigsla, daa ordinator med handslag og ein liturgisk formel overgjev det heilage embetet til ordinanden. I den danske og norske kyrkja kann denne uttrykkelege *overlevering av embetet* fylgjast tilbake til Christian V.s ritual av 1685², men ikkje lenger³, i den svenske kyrkja til kyrkjelovi av 1686 for bispevigsla, men for prestevigsla til kyrkjeordningi av 1571⁴.

Overleveringsformelen lyder i Sverige⁵ i si eldste form soleis, og har enno umlag same ordlyd: »Och iag aff then fulmacht, som mig på Gudz wegna vthi thetta ärendet af hans församling betrodd är, antwardar tigh Presta-embetet. I nampn Faders och Sons och thens helge Andes. Amen«. Det er tydelegt at denne formelen er uppstaatt paa evangelisk grunn; han uttrykker klaart den evangeliske tanken um embetet som utgaaande av kyrkjelyden.

I Danmark-Noreg har den eldste overleveringsformel denne ordlyd⁶: »Saa overantvorder jeg eder nu det hellige Præste- og Prædike- Embede efter den Apostoliske Skik i Navn Gud Faders, Søns og Hellig-Aands, og giver Eder

¹) Dänische Bibliothec V, s. 107.

²) Danmarks og Norgis Kirke-Ritual, Kbh. 1685, s. 346, 370.

³) Danske Kirkelove I, s. 78, 131.

⁴) Rodhe, s. 485, 470.

⁵) Rodhe, s. 470, 475, 485, 489.

⁶) D. og N. Kirke-Ritual 1685, s. 370—1, Præste-Vielse. Ritualet for Biske-Vielse inneheld ikkje ordlyden av overleveringsformelen, men fyreskriv, s. 346: »Hvorpaa hand i den hellige Trefoldigheds Navn overantvorder hannem det hellige Embede, og befaler hannem i stykkevis at forrette alt dette, som nu var hannem forelæst«, nemleg av Christian V's D. og N. Lov 2—17—5-19, 23.

Magt og Myndighed herefter, som rette Guds og Jesu Christi Tienere« . . . o. s. v. nemleg til aa forkynna ordet, utdela sakramenti og bruka lyklemagti.

Um der har vore ei formell overlevering av preste- og bispeembetet i reformationstidi i Danmark-Noreg, er tvilsamt. Vaare ritual¹ inneheld ikkje noko uttrykkelegt vitnemaal um det, og overleveringsformelen av 1685 har ikkje noko minne um den reformatoriske tids tanke um samanhengen millom embetet og kyrkjelyden, soleis som den svenske, og er difor utan tvil uppstaatt paa eit seinare stadium, daa embetet hadde faatt ein høgare plass.

Hovudtanken i den evangeliske ordinationen paa reformationstidi er nemleg *ikkje overlevering* av embetet, men *utsending* til embetet, og den blir symbolisert ved handpaalegging under forbøn. Denne skikk vert oppfata som det specifikt apostoliske moment i ordinationen, det som gjev embetet apostolisk art. Men handpaaleggingi blir tolka etter gamaltestamentlegt fyrebilæte, som ei *ofring* til Herrens tenesta². Det hadde lege nær aa minna um handpaaleggingi paa levitarne³, men der hadde daa vore ein faare for aa fornå den katolske embetstanken um pretestandet som eit hierarki. I staden blir der tenkt paa handpaaleggingi paa offerdyret som blir helga til Herren⁴. I reformationshundradaaret er tanken um ordinationen som ei ofring til Herren gjengs i den evangeliske kyrkja⁵.

Under handpaaleggingi blir det bedt um at Gud »naadelig vil anse« den tenaren som her blir framstelt. Etterpaa

¹) Danske Kirkelove I, s. 78, 131.

²) ib. I, s. 131.

³) 4. Mos. 8, 10. — M. Chemnitz samanliknar den evangeliske ordinationen med Eleasars og Moses's handpaalegging paa Josva: 4. Mos. 27, 28. 5. Mos. 24, 9. Kliefoth I, s. 410, 413. Madsen, s. 28, 29.

⁴) Syndoffer: 2. Mos. 29, 10; 3. Mos. 4, 4. 15. 24. 29. 35. 16, 21; 4. Mos 8, 12. — Brennoffer: 2. Mos. 29, 15; 3. Mos. 1, 4; 4. Mos. 8, 12. — Takoffer: 3. Mos. 3, 2.

⁵) Sjaa instar omnium M. Chemnitz, hos Madsen, s. 29, 30.

blir det sunge salmen: Nu bede vi den Helligaand¹. Men ei direkte uttalt meddeling av den Heilage Ande fraa ordinator til ordinand, ei *naadegaava* som høyrer tenesta til og fylgjer med handpaaleggingi, finst der *ikkje* teikn til i vaar evangelisk-lutherske reformationskyrkja, soleis som i den romersk-katolske: Accipe Spiritum Sanctum, eller i den anglokatolske: Receive the Holy Ghost.

Den apostoliske karakter, som den evangelisk-lutherske reformationskyrkja i Danmark-Noreg uttrykkeleg har tillagt sitt embete, er av skriftmessig-liturgisk, d. v. s. av formell art.

Spursmaalet blir daa, um dette embete ogso har nokon verkeleg *historisk samanheng med apostolatet*, um det i den forstand er »apostolisk«, at den dansk-norske kyrkja har vedlikehalde den apostoliske suksession.

Ved *apostolisk suksession* blir der i dei katolske kyrkjerne forstaatt ei overlevering av embetet fraa hand til hand, fraa biskop til biskop, like fraa apostlarne, mann etter mann, og fraa biskop til prest. Under kampen millom dei evangeliske og dei katolske i Danmark viste dei katolske biskoparne til sin apostoliske suksession, og spurde um dei evangeliske kunde oppvisa ein legitimation av denne art². Ein slik legitim suksession kunde tenkjast overført til den evangeliske kyrkja derved, at nokon av dei kano-nisk innvigde katolske biskoparne deltok i *ordinationen av dei fyrste evangeliske superintendentarne*.

Denne fyrste ordination skjede i Kjøbenhavn 14. sundag etter Trieinings helg, 2. september 1537³, daa der vart

¹) Danske Kirkelove I, s. 78, 131—2.

²) Confutatio Lutheranismi Danici, s. 243—4.

³) Datum er soleis oppgjeve i fyretalen til den latinske kyrkjeordinans, som vart utferda same dag. Cragius, Chr. III, Add., s. 32. — Ordinationsdagen er av eldre historikarar oppgjeven til 26. august (Arild Huitfeld, Kong Christian den Tredie, Kbh. 1595, bl. Ff (j) b; A. Chr. Bang, Den norske kirkes hist. i ref.-aarh., s. 28—9), men 14. s. e. Tr. var i 1537 2. september (H. F. Rørdam i Kirkehist. Saml. 5. R. VI, s. 163—4).

ordinert sju¹ danske og ein² norsk superintendent. Millom dei danske var doctor *Peder Palladius*, Sjællands fyrste evangeliske superintendent. Hans ordination er det springande punkt i spursmaalet um den apostoliske suksession, daa han og hans ettermenner sidan var ordinatorar for bispeembetet i den dansk-norske kyrkja.

Millom dei danske katolske biskoparne³ paa den tid var det berre fire, som var kanonisk bispevigde. Dei stod alle avvisande mot reformationen. Dei andre fire hadde til ein viss grad godkjent evangeliet og gjeve det raaderom⁴, men ingen av dei var bispevigde, dei var berre utvalde.

Paa den tid ordinationen gjekk fyre seg, var alle dei danske biskoparne avsette fraa sine embete, baade dei innvigde og dei utvalde. Fem av dei hadde ogso inntil den tid offisielt og skriftleg gjeve avkall paa sine bispestolar, nemleg 31. oktober 1536 biskop Iver Munk i Ribe⁵, 7. mai 1537 hans coadjutor Oluf Munk⁶, 1. juni biskop Ove Bille i Aarhus⁷, 12. august den utvalde erkebiskopen

¹) Bugenhagens brev til Wittenberg fraa Kjøpenhamn 4. februar 1538: »ordinati sunt septem Superintendentes Diœcesium«. Bibliotheca Aarhusiensis seu Biographia Episcoporum Aarhusiensium, authore Paulo Paulson, Hafniæ 1725, s. 50 = Dr. Johannes Bugenhagens Briefwechsel, hg. v. O. Vogt, Stettin 1888, s. 168.

²) Norske Samlinger I, Chra. 1852, s. 9. Bugenhagen umtalar merkeleg nok ikkje den norske superintendenten. Det kann vera ei misminning, for brevet hans (note 1) er skrive 5 maanader etter bispevigsla.

³) Karakteristikar av biskoparne av A. Heise i dansk Hist. Tidsskr. 4. R. III, s. 289—309.

⁴) Joachim Rønnow i Roskilde ¹¹/₆ 1529: F. Münter, Den Danske Reformationshistorie II, Kbh. 1802, s. 701—5. — Oluf Munk, coadjutor i Ribe, ²⁵/₃ 1531: Malmøbogen af Peder Laurensen, udg. af H. F. Rørdam, Kbh. 1868, s. LXXIII—LXXIV. — Torben Bille i Lund ¹⁵/₇ 1532: Malmøbogen, s. XLV—XLVI. — Knud Gyllenstjerne i Odense: A. Chr. Bang, Dokumenter og Studier vedrørende den lutherske Katekismus's Historie i Nordens Kirker I, Chra. 1893, s. 99; Scriptorum rerum Danicarum I, s. 589; Malmøbogen, s. XXIX.

⁵) Ny Kirkehist. Saml. IV, s. 5—6.

⁶) Rørdams Monumenta 1 I, s. 219—24.

⁷) Nye Danske Magazin I, s. 237—9.

Torben Bille i Lund¹, og 19. august den utvalde biskopen i Odense Knud Gyllenstjerne². Der er soleis ikkje nokor utvertes hindring for at nokon av desse kunde ha vore med ved superintendentvigsla. Men um dei tvo, som var kvalifiserte til aa formidla suksessionen, Iver Munk og Ove Bille, er det lite trulegt, — etter deira heile avgjorte motvilje mot reformationen³ — at dei sjølve skulde ha samtykt til aa taka del i ordination av evangeliske superintendentar eller vera blitt tilkalla av reformatorarne⁴ til aa vera med.

I Noreg hadde fire av dei fem bispestolarne innvigde biskopar. Til Bergens bispestol, som stod ledig, var i 1536 valt erkedeknen mester Geble Pedersson⁵, men han gav avkall paa bispeembetet utan aa ha faatt katolsk bispevigsla, gjekk over til reformationen og tok imot embetet som evangelisk superintendent i same bispedøme⁶ og var ein av ordinandarne den 2. september 1537⁷. Biskop Hoskold i Stavanger sat enndaa, dengong ordinationen av superintendentarne gjekk fyre seg, i sitt embete⁸, men var ein bitter fiende av det nye⁹. Erkebiskop Olav i Nidaros

¹) Rørdams Monumenta 1 I, s. 224—7.

²) ib. 1 I, s. 227—31.

³) Dansk Hist. Tidsskr. 4. R. III, s. 292—4.

⁴) Jfr. Klageskrifti mot biskoparne ³⁰/₁₀ 1536: Rørdams Monumenta 1 I, s. 183—6.

⁵) Um Geble Pedersson i 1536—37 sjaa: Dipl. Norv. VII nr. 717. VIII nr. 732. X nr. 697. — Aktstykker til Nordens Historie i Grevefeidens Tid, udg. af C. Paludan-Müller, II, Odense 1853, s. 283—4. — Dipl. Norv. II nr. 1118. XII nr. 568. — Paludan-Müllers Aktstykker II, s. 303, 311. — Rørdams Monumenta 1 I, s. 256.

⁶) Danske Magazin 3. R. VI, s. 146 = Norske Rigs-Registranter I, s. 51.

⁷) Norske Samlinger I, s. 9.

⁸) Paludan-Müllers Aktstykker II, s. 315, ^{2b}/₆ 1537. — Dipl. Norv. VI nr. 733. — Norske Herredags-Dombøger, 1607, s. 84. — Lensherren Tord Rod, som fanga biskop Hoskold, vart utnemnd ¹³/₁₀ 1537 (Danske Magazin 3. R. VI, s. 187, 156 = N. Rigs-Reg. I, s. 52—3), og overtok embetet ¹³/₁₂ 1537 (Dipl. Norv. XVI nr. 542).

⁹) Dipl. Norv. II nr. 1093. VIII nr. 650.

var 1. april 1537 reist til Nederland¹ og kom ikkje tilbake. Biskop Magnus i Hamar var 22. juni 1537 avsett og levde som fange i Danmark til sin død i 1542². Ingen av desse kunde soleis ha medverka ved superintendent-ordinationen.

Noko anna kunde det vera med biskopen i Oslo *Hans Rev*, som sidan vart den fyrste evangeliske superintendenten over Oslo og Hamar bispedøme. Av di han gjekk over til reformationen og fekk eit embete i den nye kyrkje-ordning, har mange tenkt seg, at det var mogelegt at han skulde ha kunna medverka ved ordinationen av superintendentarne, og daa han hadde kanonisk bispevigsla, kunde suksessionen vera blitt vedlikehalden gjennom honom. Til det sette serleg den norske missionsbiskop Hans Schreuder si von um aa staa i den heilage apostoliske rekkjefylgja³.

Men det kann dokumenterast, at Hans Rev⁴ enndaa den 2. september 1537 ikkje hadde godkjent den nye kyrkje-ordning. Hans bispegard var um sumaren 1537 blitt innteken av dei kongelege danske kommissærarne, som gjennomførde sækularisationen av bispedømi i Noreg⁵. Han fylgde dei til Danmark, rimelegvis som fange, og oppheldt seg sidan i Odense, men det var ikkje fyrr 1. november 1537, tvo maanader etter superintendentvigsla, at han fylgde

¹) Paludan-Müllers Aktstykker II, s. 307—8. — Personalhist. Tidsskr. I, s. 148.

²) Dipl. Norv. IV nr. 1111, 1112. XVI nr. 591. — Norske Rigs-Reg. I, s. 51. — Historisk-topografiske Skrifter om Norge og norske Landsdele, forfattede i Norge i det 16de Aarh., udg. af G. Storm, Chra. 1895, s. 142—6. — Biskop Jens Nilssøns Visitatsbøger og reiseoptegnelser 1574—1597, udg. af Yngvar Nielsen, Kra. 1885, s. 584.

³) O. Stavem, Et bantufolk og kristendommen, det norske missionselskaps syttiaarige zulumission, Stavanger 1915, s. 127—8. — L. Dahle, Tilbakeblik paa mit liv I, Stavanger 1922, s. 243—4.

⁴) Um Hans Rev i 1536—37 sjaa: Danske Magazin 3. R. VI, s. 38 = N. Rigs-Reg. I, s. 48. — Dipl. Norv. XVI nr. 587, 588. — Rørdams Monumenta 1 I, s. 731, 249. — Dipl. Norv. V nr. 1087. XI nr. 642. I nr. 1088. XII nr. 579.

⁵) N. Rigs-Reg. I, s. 63 nedst, jfr. 48. — Dipl. Norv. III nr. 1148.

eksemplet aat dei 5 danske biskoparne og officielt og skriftleg »upplét« Oslo stift til kongen og lova honom tru-skap¹. Enno um vaaren 1538 ser vi av eit brev fraa Bugenhagen til kongen at Hans Rev, som framleides var i Odense, vart fylgd med vakne augo, avdi der gjekk ord um ein katolsk opposition i hans bispedøme². Daa Geble Pederson i 1539 var i Oslo og innførde den nye kyrkjeordning i dei tvo austnorske bispedømi, daa heiter det, at ingen av presteskapet i desse tvo stift »trøster seg til at annamme officium superattendentis«³, — det viser ogso, at ingen endaa den tid tenkte seg Hans Rev som kandidat til denne tenesta. Det var fyrst fire aar etter si avsetjing, i oktober 1541, at Hans Rev vart tiltrudd tilsynsembetet i den evangeliske kyrkja⁴.

Der er daa *ikkje* noko direkte eller indirekte historisk vitnemaal um, at nokon av dei kanonisk innvigde katolske *biskoparne* var med ved ordinationen av dei evangeliske superintendentarne 2. september 1537.

Denne vigsla vart utførd av den tyske reformatoren doctor *Johannes Bugenhagen*. Hans stilling i den kanoniske orden er difor det avgjerande punkt, daa Peder Palladius (s. 501) ikkje tidlegare var prestvigd⁵. Bugenhagen hadde ikkje biskops vigsla, han var berre ordinert til prest⁶, og han kann soleis ikkje ha formidla nokon episkopal suksession.

Men um vaar kyrkja ved Bugenhagens ordination av dei fyrste evangeliske superintendentarne har tapt den

¹) Biskop Hans Revs avsegjingsbrev til kong Christian III, dat. Odense allehelgensdag 1537. Rørdams Monumenta 1 I, s. 222—3. — Kongen var den tid i Odense. Regesta diplomatica historiæ Danicæ 1537—1660, nr. 85, *181, *195.

²) Gelehrter Männer Briefe an die Könige von Dänemark 1522-1663, zum Druck befördert von Andreas Schumacher, I, Kph. u. Lpz. 1758, s. 22 = Vogt, Bugenhagens Briefwechsel, s. 172.

³) Dipl. Norv. I nr. 1091.

⁴) N. Rigs-Reg. I, s. 63—4.

⁵) H. F. Rørdam, Kjøbenhavns Universitets Historie I, s. 511—3.

⁶) Sjaa s. 505, note 3.

biskopelege arvefylgja i embetet¹, so legg i vaar tid sume vegt paa, at han som prestvigd person i alle fall har verka til aa uppehalda ein *presbyteral* suksession. — Burtset fraa teorien um ein presteleg suksession og ei jamstelling av den med den biskopelege² vil vi granska nærmare den historiske samanheng paa dette punkt og serleg Bugenhagens stilling som ordinator.

Bugenhagen hadde *kanonisk prestevigsla*, idet han var blitt ordinert av biskopen i Kammin i Pommern i aaret 1509³. Daa Bugenhagen gjekk over til reformationen, vart han i 1523 kalla av byraadet og menigheiti i Wittenberg til deira sokneprest etter Pauli læra, og mot protest fraa det katolske kapitlet vart han av Luther fraa preikestolen stadfesta og innsett i embetet⁴. Dette var Bugenhagens *evangeliske ordination* etter den fyrste enkle form av denne akt, som la hovudvekti paa kallet. Daa den evangeliske kyrkja i Kur-Sachsen fekk si nye ordning, vart Bugenhagen generalsuperintendent⁵.

I 1535 vart regelbunden centralisert presteordination innført i den *kursachsiske kyrkja*. Fullmagt dertil vart ikkje gjevi av nokon kyrkjeleg autoritet, d. v. s. av ein biskop, men der kom paalegg um det fraa den verdslege magt, *kurfyrsten*⁶, som soleis i dette fall opptraadde som »*Nothbischof*«. Reformatorarne var motstandarar av den nye skipnaden, serleg Bugenhagen⁷, men dei gav seg. Fullmagti til aa ordinera overdrog kurfyrsten ikkje til preste-

¹) Dette er alt F. Münter klar over: F. Münter, Den Danske Reformation Historie II, Kbh. 1802, s. 362—3. F. Münter, Kirchengeschichte von Dänemark und Norwegen III, Lpz. 1833, s. 506—7.

²) Jfr. M. Hertzberg, Kirkens enhet, Kra. 1922, s. 44—5.

³) G. Kawerau, Bugenhagen (s. 491, note 7), s. 526. — H. F. Rørdam, Kbh. Univ. Hist. I, s. 495.

⁴) H. Hering, Johannes Bugenhagen, Halle 1888, s. 21. — P. Drews (s. 494, note 2), s. 67.

⁵) G. Kawerau, Bugenhagen, s. 528, 529. — Drews, s. 80.

⁶) Kurfyrst Johann Friedrichs paalegg 12. mai 1535. Drews, s. 288—9.

⁷) Drews, s. 71, 72, 80.

skapet i Wittenberg, men til *det theologiske fakultet*¹ ved universitetet: Luther, Jonas, Cruciger, og dertil Melancthon². Luther, som forretta ordinationarne i den fyrste tid³, oppfata denne ordination som *principielt forskjellig* fraa den biskopelege prestevigsla og la hovudvekti paa, at det er ein offentlig akt framfyre kyrkjelyden til stadfesting paa kallet til tenesta i ordet⁴. I august 1535, daa Bugenhagen kom tilbake til Wittenberg fraa si reformatorverksemd i Pommern, overdrog fakultetet, d. v. s. serleg Luther, *ordinator-embetet til Bugenhagen* som sokneprest og generalsuperintendent⁵, i september vart Bugenhagen ogso medlem av fakultetet, og daa den pavelege nuntius Vergerius den 7. november 1535 hadde ein samtale med Luther og Bugenhagen i Wittenberg, og spurde um dei ordinerte prestar der, svara Luther og peika paa Bugenhagen: »Da sitzt der dafür verordnete Bischof»⁶.

Bugenhagen har soleis i den evangeliske kyrkja fraa 1535 innteke ei fast stilling som biskopeleg ordinator. Han bar visstnok ikkje offisielt biskops namn, men han vart rekna som *biskop for den evangelisk-lutherske reformationen*. Det var utan tvil denne hans stilling, som gjorde, at Christian III etter statskupet i 1536 bad kurfyrsten av Sachsen um aa faa laana Bugenhagen til Danmark⁷ for aa gjennomføra kyrkjeordningi, krona kongen og ordinera dei fyrste superintendentarne. Kongen kallar ogso stundom i sine brev Bugenhagen »Ihr grosser Bischof»⁸. Paa same maate

1) »unsere gelarte der heiligen Schrift». Drews, s. 289.

2) Drews, s. 69—70.

3) Drews, s. 80—1.

4) Drews, s. 290—5.

5) Drews, s. 80.

6) Köstlin⁵ II, s. 373. — Drews, s. 81.

7) J. J. Müller, *Entdecktes Staats-Cabinet*, Jena 1714—17, IV, s. 318—20. — Schumacher, *Gelehrter Männer Briefe* I, s. 217—20. — Vogt, *Bugenhagens Briefwechsel*, s. 149—50. — Kirkehist. Saml. 5. R. VI, s. 159—61.

8) Aarsberetninger fra det Kgl. Geheimearchiv I, s. 219, 220. 1541. — Jfr. H. F. Rørdam, *Kbh. Univ. Hist.* I, s. 502.

talar kurfyrsten av Sachsen i 1537 um Luther og hans »medbiskopar«¹. Men *verkelegt biskopsembete hadde ingen av dei*. Luther kallte stundom superintendentarne biskopar og seg sjølv pave². Um Luther hadde lagt vekt paa biskopeleg suksession i den evangeliske kyrkja, kunde han ha late biskopsvigslor forretta av biskopen av Samland i Preussen, Georg von Polentz, som var kanonisk ordinert i 1519³, innan han i 1523 gjekk over til reformationen (s. 483), — ein mann som Luther personleg hadde den største vyrdnad for⁴; — men noko slikt fal ikkje Luther inn.

I røyndi er biskopsnamnet for reformatorarne meir eit ord enn ein realitet. Dei vilde ikkje rekna seg i slegt med det katolske hierarki som hadde den apostoliske suksession, og baade *Luther og Bugenhagen tala vanvyrdande um si katolske prestevigsla*. Ved ordinationen hadde biskopen salva henderne deira for aa helga deim til aa bera fram paa altaren Christi lekam og blod som offer i messa. Mot messeofferet kunde reformatorarne ikkje finna ord sterke nok, og dei har difor ikkje tillagt den prestelege fullmakt, som deira ordination gav, nokonsomhelst religiøs verdi. Luther bad dei evangeliske prestarne som tidlegare var katolsk ordinert, um aa vaska sine salva fingrar med saape og lut for aa faa burt Antikristens merker⁵. Og Bugenhagen skjemtar um sine heilage prestehender med ord⁶, som ikkje lèt seg herma i godt selskap: »Lieber Teufel, ich habe eine grosse Sünde getan; denn Papst und Bischof haben mir die Hand gesalbt, und ich hab's beschissen mit Dreck, do ich den Ars wuschet; das ist auch eine grosse Sünde«.

Baade Luther og Bugenhagen hadde som katolsk ordi-

¹) Köstlin⁵ II, s. 378.

²) Luthers Tischreden in der Mathesischen Sammlung, hg. v. E. Kroker, Lpz. 1903, s. 226.

³) Tschackert, Urkundenbuch I, s. 35.

⁴) Tschackert I, s. 107—8.

⁵) Von der Winkelmesse und Pfaffenweihe, 1534. Köstlin⁵ II, s. 309.

⁶) D. Martin Luthers Werke, kritische Gesamtausgabe. Tischreden II, Weimar 1913, s. 232 (Johannes Schlainhaufens Nachschriften, 20. mai 1532).

nerte prestar *character indelebilis*. Men denne korkje kunde eller vilde dei overføra til dei personar dei ordinerte. Det var ikkje den guddomlege fullmagt til aa forretta messe-offeret¹, men det kyrkjelege vitnemaal um kallet til prediketenesta, dei gav ved ordinationen.

Luther steller seg paa *heilt ny grunn*. Han kallar seg ein »ecclesiastes av Guds naade«, og han segjer at *han* har lettare for aa visa at han er evangelist av Guds naade, enn *biskoparne*, at dei ber bispenamn med rette².

Ikkje den apostoliske suksession, anten episkopal eller presbyteral, men *Luthers profetiske kall* er soleis det historiske og religiøse utgangspunkt for tenesta aat prestar og biskopar i den evangeliske kyrkja i Danmark og Noreg.

Paa den maaten har ogso dei danske reformatorarne set saki. Dei kann ikkje og vil ikkje ettervisa nokon aandelig slegtsskap med den kyrkja som dei har brote sambandet med. Likesom Seth reiste seg mot Kainitarne, Elias mot Baals prestar, Amos mot øvstepresten Amasja, »soleis, — segjer dei — har Johannes Døyparen, Christus sjølv, den guddomlege Paulus, og i vaart hundradaar *Luther*« skilt lag med sine øvsteprestar³.

I *den svenske kyrkja* derimot skjede det, som ikkje lukkast i Danmark, Noreg og Tyskland, at reformationen offentleg vart godkjend av vigde katolske biskopar i embete. Dei fyrste evangeliske biskoparne i Sverige vart ordinert av dei siste katolske, og der er soleis ein historisk samanheng som svarar til den apostoliske suksession.

Bindeleden er biskop *Petrus Magni* — Peder Månsson — i Västerås, som 1. mai 1524 var blitt stadfesta av paven og bispevigd i Rom. Der har vore framsett tvil um Petrus hadde kanonisk bispevigsla, men det er vitterlegt at han

¹ Jfr. fraasegn av kapitlet i Roskilde 1543. Dänische Bibliothec VII, s. 118, 143.

²) Köstlin⁵ I, s. 517. — Jfr. Luthers oppfatning av visitatoremбетet som ei kjærleikstenesta, ib. II, s. 35.

³) Dänische Bibliothec V, s. 120; jfr. VI, s. 299.

det hadde. So er fortalt i eit brev fraa Rom til erkebiskop Olav i Nidaros av hans kommissionær ved pavestolen, den pavelege protonotarius dr. Zutfeld Wardenberg, 6. august 1524¹.

Trettanddagen den 6. januar 1528 vigde Petrus Magni tre svenske biskopar, nemleg til Strängnäs, Skara og Åbo. Vigsla skjede etter paalegg av kong Gustav Vasa, som vilde ha ordinerte biskopar til aa forretta si kroning i Uppsala 12. januar næstetter. Ordinator tok den lovnad av kongens kanslar, at biskoparne sidan skulde stadfestast av paven. Det skjede ikkje².

Daa kongen i 1531 skulde ha brudlaup, forlangte han ordination av nye biskopar for tilhøvet, spesielt av erkebiskop, daa han vilde ha ein verkeleg erkebiskop til aa halda brudemessa. Petrus Magni av Västerås og Magnus Sommar av Strängnäs vigde 13. august 1531 i Stockholm tre biskopar, nemleg til Skara, Linköping og Vexjö, og 22. september vigde dei same Laurentius Petri, broder til reformatoren Olaus Petri, til erkebiskop i Uppsala³. Gje-nom honom er daa *sukksessionen forplanta* vidare i den svenske evangeliske kyrkja⁴.

Men herved er aa merka, at dei tvo ordinatorarne i sitt hjarta var katolikar og forretta desse vigslorne *tvungne*

¹) Dipl. Norv. VII, s. 593.

²) L. A. Anjou, Svenska kyrkoreformationens historia II, Upsala 1850, s. 54—5. — H. Reuterdaahl, Svenska kyrkans historia IV. 1, Lund 1866, s. 318—9. — J. Wordsworth, Den svenska kyrkan, Stockholm 1912, s. 202—3.

³) Anjou II, s. 97. — Wordsworth, s. 206.

⁴) Lars Benzelstierna, Meletema historico-theologicum de Successione Episcoporum Canonica apud Evangelicos præsertim in Svecia, akad. diss., Lund 1738. — J. A. Nicholson, Apostolical succession in the church of Sweden, London 1880. — [A. Bernhard], Om den apostoliska successionen inom den svensk-lutherska kyrkan, Stockholm 1881. — J. A. Nicholson, A reply to the treatise of A. Bernhard on the apostolical succession in the church of Sweden, London 1887. — H. Lundström, Biskopsvigningen i Upsala domkyrka år 1575. Kyrkohistorisk Årsskrift XIV, 1915, Meddelanden och aktstycken, s. 3—5.

av kongen mot sin vilje. Dei nedla i fyrevegeen ein høg-tidleg *skriftleg protest*, dagsett 10. august 1531, der dei uttalar, at dei fordømer det Lutherske kjetteri, og at dei aldri har »macht gifuit, samtycht och bewilliget... till the Biscopers wigzle, som nu uthwalde äre, heller her effter uthwalde blifue«, men dei er av overmakt og ræddhug tvungne til aa vigja biskopar. Dei »betyge ... Archebispens och andre Bijspers wigningh, som nu inträngde äre, heller her effter inträngde warde, ware *aldeles kraftlöse och ogille*«, dei gjer alle sine handlingar i det Lutherske vesen kraftlause og faafenge, og dei steller seg under den Romerske kyrkja som si moder og regentinne¹.

Naar den avgjerande ordination, nemleg erkebiskop Laurentius Petri's vigsla i 1531, soleis er kjent ugyldig av ordinatorarne, er den biskopelege suksession i den svenske kyrkja *berre mekanisk* og difor *religiöst verdlaus*, og svenskarne² legg heller ikkje nokor vegt paa suksessionen.

¹) Handlingar till Sverges Reformations- och Kyrkohistoria under Konung Gustaf I, [utg. af P. E. Thyselius], II, 1531—1601, Stockholm 1844—45, s. 21—23.

²) Sjaa forhandlingarne millom den svenske kyrkja og den anglikanske 1909—22: Kyrkohistorisk Årsskrift XII, 1911, s. 103—5. XXIII, 1923, s. 367—8 = 375—6. — Jfr. N. Söderblom til M. Hertzberg, Kirkens enhet, Kra. 1922, s. 46—7. — Union of Christendom. International Convention 1940. Sect. IV. The Possibility of a United Christendom. 4. From the Scandinavian Standpoint, by the Revd. Einar Molland etc., [London 1937], s. 16—17.
